SYKKYLVEN

Beredskapsplan for fjellskred

Aktørplan for Sykkylven kommune

Samordning av tiltak

Kommunane Norddal, Stordal, Stranda, Sykkylven, Ørskog, Skodje, Ålesund, Sula, Hareid, Ørsta

Innhold

1. Innleiing 3
2. Kritisk infrastruktur 3
   2.1 Straumforsyning 3
   2.2 Telekommunikasjon / samband 4
      2.2.1. Kommunal infrastruktur – serverar (EPS) 4
3. Oversikt over ramma/berørte 5
   3.1 Bustader 5
   3. 2 Oversikt fritidsbustader 5
4. Kommunal infrastruktur 5
   4.1 Vatn 5
   4.2 Avløp 5
5. Samferdsel 6
   5.1 Fylkesvegar 6
   5.2 Kommunale vegar 6
6. Bygningar med viktige samfunnsfunksjonar 7
7. Næringsliv og andre verksemder 8
   7.1 Bedrifter i evakueringssonen 8
   7.2 Verksemder som lagrar miljøfarleg avfall 8
   7.3 Gardsbruk innanfor evakueringssonen 10
8. Forsyning 10
9. Oversikt over viktige kulturminne i faresonen 11
10. Informasjon 11
   10.1 Befolkningsvarsling 11
   10.2 Mediehandtering 11
11. Evakuert- og pårørandesenter (EPS) 12
12. Helikopterlandingsplassar 12
13. Kommandoplass (KO) 12

Elles: 12

1. Innleiing

Den interkommunale konsekvensanalysen for fjellskred frå Åkneset beskriv korleis eit ev. skred kan gi utfordringar for viktige samfunnsfunksjonar.

Denne planen viser korleis kommunen vil møte desse konsekvensane, og andre konsekvensar som ein ser vil gjere seg gjeldande. Planen er ein del av kommunen sitt beredskapsplanverk, og føringane for handtering ligg i aktørplanen sin generelle del.

Det kommunale planverket heng tett saman med objektplan for fjellskred, og nasjonal plan for fjellskred. Ei slik hending er kompleks, og omfattar mange ulike aktørar. Det å handle einsarta og gjennom god samordning er heilt avgjerande for ei god krisehandtering.

2. Kritisk infrastruktur

2.1 Straumforsyning

Utfordringar og konsekvensar:

Konsekvensen for straumforsyninga rundt fjorden vert vurdert som mindre alvorleg. Sykkylven Energi vurderer stort sett å kunne oppretthalde straumforsyninga i kommunen.

Nettstasjonsbygg i betong og stort sett over oppskyllingssonen. Dei nettstasjonane som er lokalisert i oppskyllingssonen, dvs. under kote 4, er plassert innvendig i bygg/industribygg, eller er skjerma av fabrikkbygg/andre bygg.

Ev. tiltak:
Bygningsmessig forsterking av utsette nettstasjonar. Ombygging til berøringssikker utføring på høgspentlina. Vurdere utkopling av utsette anleggsdelar før raset.

Ansvarleg: Sykkylven Energi AS

2.2 Telekommunikasjon / samband

Konsekvensanalysen for scenariet beskriv utfall av kommunikasjonssamband frå Ørskog og innover.

Skulle det likevel bli behov for tiltak/alternative samband i Sykkylven har vi desse:

Satellitt-telefonar
Kommunen har ein satelittelefon – stasjonert på rådhuset.
Indre Sunnmøre Alpine Redningsgruppe har satellitt-telefonar – lageret deira er i tilknyting til rådhuset.

Naudnettet
Politiet vil kartlegge mulegheiter for alternative basestasjonar for naudnettet for å sikre sambandet under ei fjellskredhending.

Røde kors har fleire handhaldne terminalar og basestasjonar/repeater.

Fjellredningsgruppa har 7 naudnett-terminalar.

Sykkylven brannvern har mange naudnett-terminalar, og kunnskap/kompetanse til å bruke dei. Brannvernet avgir personell-ressursar til kriseleiinga ved behov for å bruke naudnettet.

Radioamatørar
Ein radioamatør i kommunen, med godt kommunikasjonsutstyr og mobil antenne.

VHF
Røde kors har fleire berbar VHF og ein basestasjon

(Viser også til ressursoversyn i kommunen sitt overordna beredskapsplanverk)

2.2.1. Kommunal infrastruktur – serverar (EPS)

Fibernettet, med tilstøytande noder og teknisk utstyr vil ikkje bli ramma av oppskyllinga.

PC Support som p.t. er kommunen sin IT-leverandør har plan for å
på Gult;
- Etablere trådlaust naudsamband
- Auke kapasiteten på backup-lokasjon utanfor faresonen med tanke på UPS, kjøling og RAC-kapasitet for å legget til rette for rask og effektiv flytting

på Oransje;
- å sette i verk flytteplanane

og
på Raudt;
- å sette i verk evakuering

Jf. PC Support sin eigen beredskapsplan/aktørplan pkt. 2.4.2, 2.4.3 og 2.4.4 med tilhøyrande tiltakskort for dei ulike farenivåa.

PC Support har også eigen plan for kriseinformasjon til brukarar, kundar og tilsette.

3. Oversikt over ramma/berørte

3.1 Bustader

Alle huseigarar har fått tilsendt informasjon om evakueringssonen, og konsekvensar av å ligge innafor denne. Dei er ansvarleg for å varsle ev leigetakarar. Informasjonsbrev vert sendt ut kvart 4. år i samband med gjennomgang av planverket.

Det blir skrive ut lister frå kartsystema som viser kven som bur på dei ulike gnr/bnr. Ev. må kommunane som ikkje har system til dette gjere jobben manuelt.

Som vedlegg til planen ligg den til ei kvar tid siste adresseliste for utsende brev, siste (og første) utsending var april 2016. (ePhorte 15/1615 – 4018/16)

3. 2 Oversikt fritidsbustader

Alle fritidsbustader har fått tilsendt informasjon om evakueringssonene, og konsekvensar av å ligge innanfor.

Det blir skrive ut lister frå kartsystema som viser kven som eig fritidsbustadane. Ev. må kommunane som ikkje har system til dette gjere jobben manuelt.

Som vedlegg til planen ligg den til ei kvar tid siste adresseliste for utsende brev, siste (og første) utsending var april 2016. (ePhorte 15/1615 – 4018/16)

4. Kommunal infrastruktur

4.1 Vatn

Rosanalysen viser at anlegg for vassforsyning vil bli relativt uberørt av ei hending frå Åkneset.

4.2 Avløp

Oppskylling etter skred frå Åkneset kan føre til oppstuvning av sjøvatn ved enkelte utslepp. Silanlegg kan verte berørt.

Konsekvensane vert vurdert som små, og tiltak vert å vurdere når farenivået vert heva til gult.

5. Samferdsel

Utgangspunktet er at alle vegar og samband vert haldne opne lengst mogleg inn til skredet går.

5.1 Fylkesvegar

Vegane inn til kommunen vil bli stengt og eller berørt. Jfr. Lokal trafikkberedskapsplan, Statens vegvesen Møre og Romsdal.

Statens vegvesen stenger av Sykkylven ferjekai.

Andre stengepunkt for Statens vegvesen:

- FV 60 vert stengt ved nedkøyring til småbåthamna/kryss til FV 73 Dalevegen.
- FV 73 Dalevegen – stengepunkt ved Aure gamle bru/Aure skule.
- FV 60 sør for Klokkehaug-tunnellen.
- Statens vegvesen stenger vidare Sykkylvsbrua FV 71 kortvaring for å sjekke fundamenta. Bemanna stengepost på kvar side.

5.2 Kommunale vegar

Fleire kommunale vegar vil bli berørt:

- Nedkøyring til Aursnes industriområde og naustområde stengt. Stengepunkt ved FV 60.
- Ullavikvegen vert stengd. Eitt stengepunkt ved nedkøyring i Ullavika. Vidare eitt felles stengepunkt med Statens vegvesen ved krysset mellom FV 60 og Dalevegen.
    - Ullavikvegen 21, 23 og 27 – er ikkje i evakueringssonen, men har biltilkomst frå stengd veg.
      Tiltak: parkering ved Øvstetegane og gå til bustad.
    - Tilkomst til Øvstetegane og Skjerva (kfr. med politiet)
      Tiltak: ei køyrebane frå FV 60 til krysset mot Øvstetegane/Skjerva vert halden open til skredet går. Vert stengt til oppskyllinga er over, og ev. skader sjekka og utbetra.
- Aure gamle bru/Kyrkjevegen - Felles stengepunkt med Statens vegvesen (som stenger FV 73.)
- Haugsetvegen: Stengepunkt vest for gardsveg til Auregardane (Kai Otto Roald)
- Auregardane: To stengepunkt; privatvegane mot Kyrkjevegen.
- Kyrkjevegen stengd frå Aure gamle bru til krysset til Storgata.
  Stengepunkt ved Kyrkjevegen 40.
- Auregata stengt ved innkøyringa til Skulevegen – eitt stengepunkt. (Skulevegen er open)
- Pilgata stengd frå Kyrkjevegen til Skulevegen – stengepunkt mot Skulevegen.

- Strandgata stengd – som følgje av at Kyrkjevegen er stengd i området. – ingen fysiske stengepunkt
- Vegen til Vikøyra stengt – stengepunkt i Øyravegen ved Europris. (tilkomst til Europris open)
- Vegen til industriområde ved Vikøyra – stengepunkt i Bakkedamsvegen mellom Plato og vegundergangen.
- Vegen til Tynesfabrikken vert stengt. Eitt stengepunkt.
- Sykkylvsvegen/Straumgjerde: Stikkvegen mot Straumgjerde bedehus vert stengt, stengepunkt ovanfor (før) innkøyring til Sykkylvsvegen 993B og 997.

- Sørestrandvegen/Straumgjerdebrua stengt i ei kort periode, under oppskyllinga og i ei kort periode for kontroll av ev. skader.
  Eitt stengepunkt mot FV 60 og eitt ved første avkøyring til Straumsheimvegen etter brua. Min. eitt av stengepunkta skal vere bemanna. Trafikken får gå som normalt til brua vert stengt på kort varsel, når skredet går.

- Ikornnes; industrivegen stengt – eitt stengepunkt ved nedkøyring til industriområde, Verkstaden og badeanlegg. Tilkomst til tre resterande bygg/12 bueiningar ved Jarnesodden brygge (gnr 43, bnr. 147 og 148) vert open. (Desse eigedomane er ikkje i evakueringssona)

I alt 18 stengepunkt (2 av dei felles med Statens vegvesen). Bemanna stenging ved Straumen bru, elles fysisk stenging.

Utkøyring av stengemateriell på gult.

Stenging vert effektuert når evakuering er gjennomført. Bemanna stengepunkt der vegen skal vere open til skredet går, vil bli stengt på kort varsel.

6. Bygningar med viktige samfunnsfunksjonar

Dei kommunale bygningane med viktige samfunnsfunksjonar har eigne planar for flytting og vidare drift.

Andre bygningar eller verksemder i bygningar som ligg i evakueringssonen;
Sykkylven kyrkje
NAV Sykkylven
Sykkylven legesenter (inkludert i den kommunale planen for flytting av verksemder)
Lensmannskontoret (inkludert i den kommunale planen for flytting av verksemder)
Apotek
Nokre tannlegekontor
Fysioterapisenter/ Naprapatar

Desse tenestene må utarbeide eigne beredskapsplanar for ev. flytting av verksemda og alternativ drift under evakuerings-/flytteperioden.

7. Næringsliv og andre verksemder

7.1 Bedrifter i evakueringssonen

Det er Politiet som tek endeleg avgjerd om evakueringssonen. Evakueringssonen består av faresonen (oppskyllingssonen) med tillegg av ei sikkerheitsssone. Fleire verksemder er i evakueringssonen, men ikkje i faresonen. Fleire næringsverksemder har fleire bygg på sin eigedom. Desse bør sjølv sjekke om det er bygg og ev. kva for bygg som er i oppskyllingssonen, og vurdere tiltaka sine utifrå det.

Alle næringsdrivande har fått tilsendt informasjon om evakueringssonene, og konsekvensar av å ligge innafor. Informasjonsbrev vert sendt ut kvart 4. år i samband med rullering av planverket. I brevet som vert utsendt vert det opplyst internett-adresse for å sjekke sonene på kartet.

Ein føreset av involverte bedrifter lagar beredskapsplan som minimum inneheld følgjande punkt:

- Flytting av tilsette
- «Stenging» av produksjon
- Flytting av materiell (produksjonsutstyr, lagervarer mv)
- Tiltak for å avgrense forureining / utslepp av miljøskadelege stoff.

Som vedlegg til planen ligg den til ei kvar tid siste adresseliste for utsende brev til næringsdrivande og andre verksemder, siste (og første) utsending var april 2016. (ePhorte 15/1615 – 4020/16)

Lista inneheld gnr./bnr. på aktuell eigedom, eigar av næringseigedomen og/eller namn på ansvarleg eller dagleg leiar for næringsverksemda.

7.2 Verksemder som lagrar miljøfarleg avfall

Følgjande verksemder i evakueringssonen lagrar miljøfarleg avfall:

Verksemd	Type stoff	Mengd i liter	Merknader
OA Løseth Eftf. AS (Ramstaddal)	Diesel Bensin	9.000 9.000	Nedgravde tanker
Sykkylven småbåthamn	Marin diesel		overflatetank
Ikornnes småbåthamn	Marin diesel		overflatetank
Maxbo (Ullavika)	Maling, lakk o.l.		
Jernia BS Aure (sentrum)	Propangass Måling, lakk o.l.		
Møre Trafo AS	Fyringsolje	9.000	ved Møre aust, køyrebru, nedgravd
	Diesel	4.000	ved lageret
	Trafoolje (mineral)	50.000	tankanlegg
	Trafoolje (mineral)	50.000	tankanlegg
	Trafoolje (brukt mineral)	50.000	tankanlegg

	Trafoolje (brukt mineral)	20.000	tankanlegg
	Trafoolje (brukt mineral)	3.000	monteringsavdeling
	Trafoolje (brukt mineral)	6.000	ved kaia
	Trafoolje (mineral)	6x1.250	mobil tank
	Trafoolje (vegetabilsk)		monteringsavdeling
Europrofil AS	Fyringsolje	9.000	Overflatetank
	Hydraulikkolje	1.000	Lagerkapasitet, ny olje
Hjellegjerde	Fyringsolje	8.000	Nedgravd, sørsida v. fyrrom
	Diesel	6.000	Nedgravd, vestsida
Ekornes og Sandella	TDI, MDI slippmiddel mm.		Desse to bedriftene er registrert under storulykkeforskrifta .
Ekornes hovedfabrikk	Fyringsolje	2x15.500	(Nedgravd v gml bensinstasj.) Nedgravd v lasterampe
	Fyringsolje	15.500	Ved steamkjelen
	Fyringsolje	1.800	Til truck v/ ISPS kaiområde
	Diesel	5.000	Inne i tankbygget
	TDI	2x50.000	Acetylen, oksygen. Mison – plassert ved ISPS kaiområde
Ekornes avd. Vestlandske	Fyringsolje	12.000	Nedgravd
Sandella AS	Fyringsolje	20.000	Nedgravd
	Voks og løsemiddel	3.000	A-væskerom (norm 50%)
	Lim, løsemiddelbasert	300	A-væskerom (norm 50%)
	TDI	50.000	Tankanlegg (norm 20 tonn)
	MDI	50.000	Tankanlegg (norm 20 tonn)
Brunstad AS	Fyringsolje	9.000	Nedgravd .
Sykkylven Stål AS	Diesel/fyringsolje	3.900	Overflatetank, avd lakk
	Fyringsolje	3.000	Nedgravd, avd. plate
Sykkylven vgs	Fyringsolje		
Sykkylven storhall	Fyringsolje	10.000	Overflatetank
Sykkylven kunstgrasbane	Fyringsolje/diesel	10.000	Overflatetank
Kulturhus og symjehall	Fyringsolje	1.000	Overflatetank

Kjelde; kommunen sin beredskapsplan mot akutt forureining.
Denne har også med risikovurdering vedk. oppskylling etter fjellskred frå Åkneset.

Kvar enkelt verksemd må lage planar for korleis dei skal handtere dette når ein kjem på oransje nivå, for å hindre og avgrense lekkasjer/farlege utslepp. Spesielt ammoniakk er farleg når det blir utslepp. Gassen er brann- og eksplosjonsfarleg, etsande, giftig ved innanding og binder seg til slimhinner.

Viser til kommunen sin delplan; beredskapsplan mot akutt forureining.

Det er anbefalt at tankar skal vere fulle og nedgravd, og rør skal vere blenda.

Ref. til http://www.miljokommune.no/Temaoversikt/Forurensing/Nedgravde-oljetanker/

IUA – interkommunalt utval mot akutt forureining

IUA har ikkje noko generelt ansvar eller mynde i høve til dette, og dermed heller ikkje spesielt beredskapsplanverk til dette scenarioet.

IUA har utstyrsdepot fleire stader, og avtale med lokale brannvesen om mannskap som kan rykke ut. Ved ei hending frå Åkneset vil det vere mange berørte kommunar som treng dei same ressursane.

Lokalt planverk må prøve å gi svar på korleis ein skal møte og handtere utfordringane.
IUA kan så langt dei har muligheit og kompetanse, forsøke å bistå og svare på spørsmål som måtte kome under arbeidet med det lokale planverket.

7.3 Gardsbruk innanfor evakueringssonen

Det er dyreeigarane som har plikt til å syte for at dyra ikkje kjem i fare i samband med følgjer av eit skred. Gardsbruka skal orienterast om at dei ligg i faresona, og at det bør utarbeidast planverk for dette. Dei ansvarlege for gardsbruka må gå i dialog med Mattilsynet og kommunen, slik at dei får utarbeidd akseptable planar for å handtere dette. I tillegg må ein vurdere konsekvensar for gardar som ligg trygt, men som blir isolerte då vegforbindelsen forsvinn. Her vil det vere utfordringar knytt til kraftforsyning, henting av mjølk og slaktedyr, tilgang på vatn og straum mv. Mattilsynet må også vere med i denne diskusjonen. Ein må vere merksam på årstidsvariasjonar, smittefare for sanerte dyr mv.

Pr. i dag er det eitt gardsbruk berørt i Sykkylven, der er p.t. inga sjølvstendig drift, ikkje dyrehald. Dette er: Øygardsvika, Tandstad; gnr/bnr 20/3, der driftsbygninga ligg delvis i faresonen.

8. Forsyning

Beskriv utfordringar og konsekvensar:
Fleire forretningar og daglegvarebutikker ligg innafor evakueringssonen, inkl. apotek/medisinutsalg.

Beskriv tiltaka for å møte desse:
Sykkylven har fleire matvareforretningar utanfor evakueringssonen Det er kommunikasjon til Stranda som har apotek. (dette er likevel avhengig av forsyningar utanfrå)

Forsyningar inn til daglegvarebutikkane i kommunen vil vere ei utfordring som er lik for fleire område/bygder, og må løysast på eit overordna nivå.

9. Oversikt over viktige kulturminne i faresonen

Bygningar og område ein finn verneverdige/ekstra verdifulle i eller nær faresonen/ oppskyllingssonen:

Sykkylven kyrkje

Det er lite tiltak som kan settast i verk for å sikre desse verdiane. Det bør takast bilde og dokumenterast mest muleg.

Kyrkja bør oppmodast om å kartlegge alt inventar og utstyr, og ha ein plan for flytting av det som er muleg og mest verdifullt.

10. Informasjon

Kommunen sin informasjonsplan for kriser vert gjort gjeldane, men eigen overordna kommunikasjonsplan for fjellskred legg føringar for sjølve informasjonsarbeidet. Informasjonsarbeidet vil bli spesielt utfordrande for Åknes-scenarioet då ti kommunar er involvert, og ein er avhengig av at same hovudbodskap vert formidla av alle.

Det vil bli arbeidd med å få på plass eit eige interkommunalt tiltakskort for informasjonshandtering når det gjeld fjellskredhendingar.

10.1 Befolkningsvarsling

Befolkningsvarsling er varsling ut til innbyggjarar, verksemder og andre med opphald i faresona som ikkje er aktørar i den organiserte beredskapen. Dette er eit kommunalt ansvar. For medlemskommunane vert dette ivaretatt gjennom Åknes/Tafjord Beredskap IKS, der det blir varsla gjennom sms og tyfonar. (Tyfonar er planlagt oppsett endå i Sykkylven i 2017)

Det skal utarbeidast eigen plan for befolkningsvarsling på tvers av kommunane, lokasjonsbasert varsling via 110-sentralen.

10.2 Mediehandtering

Kommunen handterer media i samsvar med eigen informasjonsplan/kommunikasjonsplan. Denne blir utarbeidd på grunnlag av fylkesmannen sin kommunikasjonsplan (den er i skrivande stund ikkje ferdig)

I tillegg vil det verte etablert mediesenter i nærleiken av overvakingssenteret, jfr. Overordna kommunikasjonsplan v. Fylkesmannen.

11. Evakuert- og pårørandesenter (EPS)

Kommunen har eigen plan for evakuert- og pårørandesenter. Denne blir sett i verk ved behov.

Planen sine primære lokale kan ikkje nyttast;
Alternativet er skulebygg/andre bygg som ikkje vert nytta til alternativ drift for andre tenesteområde.

12. Helikopterlandingsplassar

Skal peikast ut på gult nivå saman med politiet.

13. Kommandoplass (KO)

Vurder behov og opprett på gult nivå.
Elles gjeld kriseleiinga sine ordinære planar.

Elles:

Det vil truleg bli omfattande behov for lagerplass, areal for dei verksemdene som skal flytte. Ikkje kommunen sitt ansvar isolert sett, men det vil kanskje kome spørsmål om bistand.

Samfunnsmessige konsekvensar av verksemder som får problem med å halde seg «i live» kan bli store.